



Nynorsk kultursentrum

Høgre
Postboks 1536 Vika
0117 Oslo

Vår ref.: 456-144 OG

Hovdebygda, 7. mars 2017

Programforslaget om rettskriving for norsk

Styret i Nynorsk kultursentrum drøfta i møte 24. februar 2017 det framlegget om, forvaltning av rettskriving for norsk som ligg i programutkastet for Høgre. Styret konkluderte med eit samrøystes vedtak:

1. Nynorsk kultursentrum set pris på den tilliten som ligg i eventuelle framlegg om å be oss ta ver forvaltninga av rettskrivinga for nynorsk, og vi drøftar gjerne spørsmål om å ta på oss nye oppgåver som ikkje rokkar ved sjølvstendet vårt.
2. I tråd med jamstillingsvedtaket av 1885 legg Nynorsk kultursentrum til grunn prinsippet om at nynorsk og bokmål skal bli verande to demokratiske styrte språk.
3. Nynorsk kultursentrum legg også stor vekt på at Språkrådet blir verande eit sterkt fagorgan for språk.
4. På dette grunnlaget kan ingen instans forvalte rettskrivinga av dei to norske språka nynorsk og bokmål betre enn Språkrådet alt gjer. Difor takkar Nynorsk kultursentrum nei til eventuelle framlegg om å overta normering av nynorsk frå Språkrådet.

Vi bed om at dette blir gjort kjent for landsmøtet.

Med venleg helsing
Nynorsk kultursentrum

Lodve Solholm (s)
Styreleiar

Ottar Grepstad
direktør

Kopi
Språkrådet

